

## Årsmelding 2013

### 1. Styret 2013

Haldor Jordal (2012-13)  
Terje Aasgard (2012-13)  
Målfrid Tysse (2013-14)  
Liv Gjelsvik (2013-14)  
Ivar Nesbø (2013-14)

*Varamedlemmer* (2013):

1. Bjørg Reikerås  
2. Henning Gjelsvik

*Revisor:* Terje Aasgard (2013)

Styret har delt på oppgåvene. Målfrid har vore kasserar og kontaktperson for styret. Liv har vore styret sin representant overfor Kløvheim Heildagsbarnehage AS, og Ivar har vore sekretær. Haldor og Terje har teke seg av ein del praktisk dugnadsarbeid m.v. Styret har hatt 2 styremøte og behandla 14 saker. I tillegg mange «nettkonferansar».

### 2. Bygg og anlegg

Det har vore ein del aktivitet i "vedlikehaldsbransjen" i 2013.

*Maurinvasjonen* skaffa oss mykje meirarbeid vår og sommar. Etter råd frå eit spesialfirma blei det m.a. leita etter maurtue i yttervegg ved øvre inngang. Her reiv vi ein del av veggen, men fann ikkje noko aktivitet der. Konklusjonen deretter blei at tua måtte vere i golvet mellom 1. og 2. etasje (over kjøkkenet nede). Spesialfirma arbeidde med eit preparat som maurane tok med seg attende til tua slik at alle maurane skulle døye. Dette gav til slutt resultat med at aktiviteten tok slutt like før barnehagen starta oppatt etter sommarferien. Vi er takksame til barnehagen for nødvendig tilpassing av aktivitetar m.v. i samband med maurproblemet. Styret har gitt barnehagen noko «ulempeerstatning» i nemnde periode. Boning, støvsuging og vasking har vore utført som vanleg. Det har vore gjort ein del mindre utvendig arbeid, m.a. malingsflikking, reinsing av takrenner og sjekking av takstein og ein del utvendig veggvasking m.v. Blomsterbede har vore stelte som vanleg. Vi hadde planar om å få asfaltert resten av uteplassen framfor bedehuset og få måla grunnmurane, men dette er ikkje gjort.

Styret har arbeidd med å få avslutte kjøpet av nytt areal til evt. *utviding av parkeringsplassen*.

Dette er no gjort, og arealoverføringa er tinglyst hos Statens kartverk, og alt er samla under gnr. 29, bnr. 17. Takk til velvillig grunneigar! Når det gjeld kostnad, viser vi til rekneskapen.

Det nye ventilasjonsanlegget i barnehagen har ikkje fungert etter forventningane, så dei vil no montere eit nytt anlegg. Vi vonar at dette kan fungere tilfredsstillande, då det no ser ut for at noverande barnehageeigar vil halde fram med barnehagen. I 2013 har barnehagen nytta same areal som i 2012. Samarbeidet om småsalen har fungert nokolunde bra, men sjølsagt er ikkje dette ei tilfredsstillande løysing for nokon av partane. Huset har elles vore utleigd/utlånt til konfirmasjon, fødselsdagsfeiring, gravferd, søndagsskule, vanleg møteverksemd og andre arrangement i Kløvheim indremisjons regi.

### 4. Økonomi

Fast utleige til barnehagen m.v. gir framleis eit økonomisk grunnlag for ei forsvarleg drift av huset. Bedehuset fekk ikkje kommunale kulturmidlar dette året, men fekk kr. 10.000 frå Sparebanken Vest. Den årlege innsamlinga i bygda og andre gåver ga eit resultat på ca kr.15.000. På basaren 18.10 hadde vi besøk av Te Deum. Det kom godt med folk, og det kom inn ca kr. 18.000. Vi viser elles til rekneskapen 2013.

### 5. Anna

Styret vil takke alle som har gjort dugnad eller på annan måte har vore med å støtte arbeidet med drifta av bedehuset.

Kløvheim 12.01.2014

Målfrid Tysse

Terje Aasgard

Haldor Jordal

Liv Gjelsvik

Ivar Nesbø